

Saksutgreiing:

HU-sak 06/21 Saker melde inn ved møtestart.

- Pandemi og kvardag. Korleis går det.
- Er det meir attraktivt å vera med i ungdomsråd etter at det vart lovpålagt?
- Nye kommunar med i Hardanger og Voss Ungdomsråd?

HU-sak 07/21 Utsetjing av Hardanger Ungdomsting 2021.

På grunn av pandemi og utvikling no også i Hardanger, må me utsetja ungdomstinget. Drøfting

HU-sak 08/21 Uttale til RTP 2022-2033 frå Hardanger Ungdomsråd

Her har alle ungdomsråda drøfta i eige råd og sendt inn forslag. Desse dannar grunnlag for felles uttale. Kvam ungdomsråd ved leiar og nestleiar skriv felles forslag til godkjenning i møtet. Forslaget vert ettersendt.

HU-sak 09/21 Drøfting av ny valperiode for ungdomsråd i Hardanger og Voss.

Innspel til drøftinga:

- Kan ungdområda veljast for kalenderår som periode?
Valg kan allikevel vera på hausten, men med innsetjing 01.01 kvart år.
- Då ville ein også kunna få overlapping med gamalt råd og f.eks ikkje verta kasta rett inn i budsjettforhandlingar "aleine".
- Då kan ungdommane også delta i valgprosessen både med marknadsføring og gjennomføring av sjølve valget.

HU-sak 10/21 Viktige saker for ungdom.

Kan me gjera noko for born og unge i Hardanger, når me ikkje får lov til å vera saman fysisk?

HU-sak 11/21 Nytt digitalt føredrag rett til ditt klasserom?

HU kan "arrangera" nytt digitalt møte i klasseromma på alle skulane i Hardanger og Voss. Ber dykk førebu forslag på aktuelle føredragshaldarar til møtet.

HU-sak 12/21 Informasjon om arbeid frå kvart ungdomsråd.